

NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

09.02.2019

Søknad om konsesjon for bygging av Neselva II kraftverk med redusert fallhøgde

OK Energi AS (sus) ønsker å bygge 2. byggesteg i Neselva i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgende løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. §8, om løyve til:

- å bygge Neselva II kraftverk

Kraftverket blir tilknytta det eksisterande 23 kV nettet og det blir inngått avtale om bygging og drift av høgspenningsanlegget med områdekonsesjonæren SFE Nett AS.

Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing. Vi ber om ei snarleg handsaming av søknaden.

Med helsing
OK Energi AS (sus)

Olav Fuglestrand
postadresse: 6823 Sandane
e-post: olav-fu@online.no
telefon: 911 88 921

Samandrag

Kleivafossen Kraft AS har tidlegare søkt om løyve til å bygge Neselva II kraftverk med ei utnytta fallhøgde 185 m, installert effekt 5,3 MW og årsproduksjon 20,5 GWh. Denne søknaden vart avslått av NVE og OED av omsyn til konsekvensane for fossane i øvre del av fallstrekninga.

Frå før er det bygt eit kraftverk (Neselva I) som nyttar fallet i Neselva frå kote 195 til Breimsvatnet.

Denne søknaden gjeld ei redusert utbygging med utnytta fallhøgde 95 m, installert effekt 3,4 MW og årsproduksjon 11,4 GWh.

Kraftstasjonsplasseringa er endra i høve den tidlegare søknaden.

Inntaket i Neselva vert utført med ein låg terskel over elveløpet og ein inntakskanal til side for elva.

Tilløpsrøret har diameter 1,2 m med lengde 420 m og vert nedgravd.

Kraftstasjonen er plassert ved inntaket til Neselva I og avløpet vert ført direkte til inntaksbassenget.

Det er planlagt minstevassføring 200 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren.

Det er ikkje knytta spesielle brukarinteresser til elva og den er lite synleg i landskapet.

Når det gjeld miljøkonsekvensar, er søknaden basert på den gamle rapporten for biologisk mangfald.

I tiltaksområdet er det avgrensa ei fossesprøytsone (B-verdi).

Av dei tre fossane som vart berørt av den tidlegare utbyggingsplanen, er det no berre den nederste og minste fossen som blir berørt.

Av raudlistearter er det påvist oter (VU) og strandsnipe (NT) førekjem truleg. Fiskemåse (NT), hønehauk (NT), jaktfalk (NT), og stær (NT) opptreir alle på streif i området.

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Om søkjaren.....	4
1.2	Grunngjeving for tiltaket.....	4
1.3	Geografisk plassering av tiltaket.....	4
1.4	Skildring av området.....	4
1.5	Eksisterande inngrep.....	4
1.6	Samanlikning med nærliggande vassdrag.....	4
2	Omtale av tiltaket.....	6
2.1	Hovuddata.....	6
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet.....	7
2.3	Kostnadsoverslag.....	11
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket.....	11
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold.....	11
2.6	Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar.....	12
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn.....	13
3.1	Hydrologi.....	13
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima.....	13
3.3	Grunnvatn.....	14
3.4	Ras, flaum og erosjon.....	14
3.5	Raudlisteartar.....	14
3.6	Terrestrisk miljø.....	14
3.7	Akvatisk miljø.....	14
3.8	Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag.....	15
3.9	Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON).....	15
3.10	Kulturminne og kulturmiljø.....	15
3.11	Reindrift.....	15
3.12	Jord- og skogressursar.....	15
3.13	Ferskvassressursar.....	15
3.14	Brukarinteresser.....	15
3.15	Samfunnsmessige verknadar.....	15
3.16	Kraftliner.....	16
3.17	Dam og trykkroyr.....	16
3.18	Ev. alternative utbyggingsløyser.....	16
3.19	Samla vurdering.....	16
3.20	Samla belastning.....	16
4	Avbøtande tiltak.....	17
5	Referansar og grunnlagsdata.....	17
6	Vedlegg til søknaden.....	17

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

OK Energi AS (sus) står som søkar og vil førestå utbygging og drift av kraftverket. Selskapet er eit privat aksjeselskap under stifting og er eigd av dei grunneigarane som har fallrettar i prosjektet.

Eigedomstilhøve og grunneigarliste framgår i kap 2.5.

Kontaktperson: Olav Fuglestrand, 6823 Sandane

e-post: olav-fu@online.no

telefon: 911 88 921

1.2 Grunngeving for tiltaket

Føremålet med tiltaket er å styrke busetting og det lokale næringsgrunnlaget.

Tiltaket er ikkje tidlegare vurdert etter vassressurslova.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Utbyggingsområdet ligg på Nes/Ytre Kandal vassdragsnr 087.B12B i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane. Kraftverket ligg 10 km søraust for kommunesenteret Sandane, sjå vedlegg 1. Oversiktskart.

1.4 Skildring av området

Neselva er ei sideelv i Breimsvassdraget og får tilsiget frå fjellområdet i grenseområdet mellom kommunane Jølster, Naustdal og Gloppen. Breimsvassdraget er eit av dei største vassdraga i Sogn og Fjordane med eit nedbørfelt på 650 km² og medel årsavløp på 45 m³/s.

Neselva får tilsig frå Sørsendalsbreen og renn med varierende fall gjennom eit kupert fjellandskap i austleg retning. Ved utløpet i Breimsvatnet på Nes/Ytre Kandal har elva eit nedbørfelt på 27 km² og medel årsavløp 2,5 m³/s.

På utbyggingstrekninga renn elva hovudsakleg i eit trangt gjel og den er lite synleg. Fallet er bratt og det er ein markert foss på strekninga. Elvebotnen er stabil med fjell og stor stein.

Den øvre delen av nedbørfeltet til Neselva inngår i Naustdal-Gjengedal landskapsverneområde.

1.5 Eksisterande inngrep

Det er bygt veg langs Neselva opp til Ytre Kandalstøylen/Nesstøylen og den nedre delen av elva er påverka av vegar, kraftlinjer, jord- og skogbruk.

Det er tidlegare bygt eit kraftverk (byggesteget 1) i Neselva som utnyttar fallet frå kote 195 til Breimsvatnet.

Breimsvassdraget er tidlegare utbygt med mange småkraftverk: Ebebøfossen kraftverk, Eidsfossen kraftverk, Trysilfossen kraftverk, Ryssdal kraftverk, Neselva I kraftverk, Kandal kraftverk, Nydalselva kraftverk, Indrebø kraftverk, Øvre- og Nedre Årdal kraftverk, Byrkjelo kraftverk, Sandalselva kraftverk, Teitafossen kraftverk, Hjelle kraftverk, Egge kraftverk, Fossheim kraftverk, Veiteberg kraftverk og Befring kraftverk. Breimsvatnet er regulert 1,7 m.

1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Neselva er typisk for dei mange sideelvane i Breimsvassdraget med høgtliggende nedbørfelt og ein bratt og kort elvestrekning ned til låglandet. Vassføringsregimet er også typisk med høg sommarvassføring og stabilt låg vintervassføring. Inngrepsmessig er Neselva også typisk med eit større urørt fjellområde, stølar og stølsveg, busetnad og landbruksområder nederst.

I fjellområdet mellom kommunane Gloppen, Jølster og Naustdal er det oppretta Naustdal-Gjengedal landskapsverneområde som omfattar deler av Breimsvassdraget, Jølstra og Nausta.

Frå før er det bygt eit kraftverk i Neselva (Neselva I) og det er bygt fylgjande mindre kraftverk i Breimsvassdraget: Ebebøfossen kraftverk, Eidsfossen kraftverk, Trysilfossen kraftverk, Ryssdal kraftverk, Neselva I kraftverk, Kandal kraftverk, Nydalselva kraftverk, Indrebø kraftverk, Øvre- og Nedre Årdal kraftverk, Byrkjelo kraftverk, Sandalselva kraftverk, Teitafossen kraftverk, Hjelle kraftverk, Egge kraftverk, Fossheim kraftverk, Veiteberg kraftverk og Befring kraftverk

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

Neselva II kraftverk, hovuddata				
TILSIG		Hovudalternativ	Ev. alt. 2	Overføringer
Nedbørfelt*	km ²	24,0		
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	77,9		
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	98		
Middelvassføring	m ³ /s	2,47		
Alminnelig lågvassføring	m ³ /s	0,14		
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m ³ /s	0,93		
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,12		
Restvassføring**	m ³ /s	0,032		
KRAFTVERK				
Inntak	moh.	290		
Magasinvolum	m ³	0		
Avløp	moh.	195		
Lengde på råka elvestrekning	/km	0,4		
Brutto fallhøgd	m	95		
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,20		
Slukeevne, maks	m ³ /s	4,5		
Slukeevne, min	m ³ /s	0,45		
Planlagt minstevassføring, sommar	m ³ /s	0,200		
Planlagt minstevassføring, vinter	m ³ /s	0,100		
Tilløpsrøyr, diameter	mm.	1200		
Tunnel, tverrsnitt	m ²			
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	m	420		
Overføringsrøyr/tunnel, lengde	m			
Installert effekt, maks	MW	3,4		
Brukstid	timar	3364		
REGULERINGSMAGASIN				
Magasinvolum	mill. m ³			
HRV	moh.			
LRV	moh.			
Naturhestekrefter	nat..hk			
PRODUKSJON***				
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,9		
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	8,5		
Produksjon, årleg middel	GWh	11,4		
ØKONOMI				
Utbyggingskostnad (år)	mill. kr	45		
Utbyggingspris (år)	Kr/kWh	3,94		

*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringer, som nyttast i kraftverket

**restfeltet sin middelvassføring like oppstrøms kraftstasjonen.

*** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå

Neselva II kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	MVA	4,0
Spenning	kV	690
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	4,0
Omsetning	kV/kV	0,23/23
NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)		
Lengd	km	0,5
Nominell spenning	kV	23
jordkabel		

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av kraftverket)

Neselva har eit høgtliggende nedbørfelt og om lag 17 % er dekket av isbre (Sørsendalsbreen).

I feltet er det litt sjøareal, men ellers er det mest snaufjell med rask avrenning.

Ein stor del av avrenninga er konsentrert til sommarhalvåret og vassføringa varierer då i takt med nedbør og temperatur (snøsmelting). Vintervassføringa er stabilt låg frå slutten av november til ca. 1. mai.

Kraftverket får eit nedslagsfelt på 24 km² og normaltilsiget for perioden 1970-99 er berekna til 2,47 m³/s som gir eit årstilsig på 77,9 mill.m³.

Alminneleg lågvassføring er berekna til 140 l/s.

Restfeltet mellom inntaket og kraftstasjonen er 0,7 km² og restvassføringa er berekna til 32 l/s.

Dei hydrologiske berekningane er utført med simuleringsmodellen U-mag og basert på vassmerka VM 86.4 Gjengedalsvatn (50 %) og VM 83.7 Grønengstølsvatn (50 %) som også vart nytta for det eksisterande kraftverket Neselva I. Erfaringane fra 8 års drift av det eksisterande kraftverket viser god overenstemmelse med samanlikningstasjonane.

Det blir vist til vedlegg 2. Oversiktskart med nedbørfelt innteikna og vedlegg 5-8 med varighetskurve og kurver som viser vassføringa på utbyggingsstrekninga før og etter utbygginga i tørt, vått og middels år, samt skjema for dokumentasjon av hydrologiske tilhøve.



Diagram som viser variasjon i vassføring frå år til år (m³/s)



Diagram som viser medel- og minimumsvassføring over året (m³/s)

2.2.2 Overføringer

Ingen overføringer

2.2.3 Reguleringsmagasin

Ingen reguleringsmagasin


2.2.4 Inntak

Kraftverksinntaket er plassert på kote 290 og det blir laga ein liten betongterskel på fjell over elva med lengde ca 15 m og største høgde ca 1,5 m. Elva blir leia inn i ein 30 m lang kanal med bredde 7 m.

Ved enden av kanalen blir det støpt ein inntakskonstruksjon med varegrind, innløpskonus og stengeventil under bakkenivå. Inntakskanalen får eit vassvolum på ca 700 m³ og vil tene som sedimenteringsbasseng.

Det er planlagt slepping av minstevassføring og inntaket er plassert i inntakskonstruksjonen nedstrøms varegrinda og vatnet blir ført i nedgravd rør og blir slept ut i elva nedstrøms terskelen.

Inntaksområdet er skogkledd med granplantefelt og lauvskog.



Stad for inntaket. Damterskelen ligg ca 40 m nedanfor den midterste fossen.

2.2.5 Vassveg

Frå inntaket på kote 290 vert driftsvatnet ført ned til kraftstasjonen gjennom eit 420 m langt rør av duktilt støpejern med diameter 1,2 m. Rørtraceen går gjennom eit større felt med planta gran og røret vil hovudsakleg ligge i lausmassegrøft. Ved inntaket er det grunnlendt og her vil røret ligge i utsprengt fjellgrøft. Tilløpsrøret blir overalt nedgravd og overfylt med lausmasser slik at det ikkje vil vere synleg.

I anleggsfasen blir berørt bredde på rørtraceen maksimum 25 m.

For å sikre rask revegetering og naturleg utsjånad blir veksttorva lagt til side og nytta som topplag ved slutføringa av terrengplaneringa i rørtraceen.



Frå midtre delen av rørtraceen

2.2.6 Kraftstasjon

Kraftstasjonen er plassert på kote 200 ved inntaksbassenget til det eksisterande kraftverket. Avløpet frå kraftstasjonen vert ført til inntaksbassenget gjennom ein kort kulvert.

Det er planlagt installert to Francisturbinar med effekt 2x1,7 MW og max. slukeevne 4,5 m³/s og to lågspenngeneratorar (690 V) med effekt 2x2 MVA.

Det blir vidare installert 1 stk hovudtransformator med effekt 4 MVA og med omsetning frå generatorspenning (lågspenng) til 23 kV.

Hovudtransformatoren vert plassert inntil kraftstasjonshuset som ein integrert del.

Kraftstasjonshuset får eit areal på ca. 100 m² og enkel utforming med mønetak og vegger av betong og trepanel.



Stad for kraftstasjon (pil).

2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket blir kjørt med konstant vasstand i inntaket og vil utnytte tilsiget i elva til ei kvar tid uten noko form for utjamning eller regulering. Effektkøyring er ikkje aktuelt.

2.2.8 Vegbygging

Eksisterande veg til inntaket for Neselva I vert utbetra til 3,5 m breidde som permanent tilkomstveg til kraftstasjonen.

2.2.9 Massetak og deponi

Tiltaket medfører ikkje behov for uttak eller deponering av masser.

2.2.10 Nettilknytning (kraftliner/kablar)

Kraftverket blir knytta til eksisterande 23 kV nett med ein 500 m lang 23 kV jordkabel, sjå vedlegg 3. Detaljplan.

Eigaren av kraftverket er uten nødvendig elektroteknisk kompetanse og vil inngå avtale med SFE Nett AS om drift av høgspektanlegget.

I samband med bygging av Neselva I kraftverk vart 23 kV nettet i området opprusta for også å ta i mot kraftproduksjonen frå Neselva II og det er ikkje nødvendig med nye tiltak på linjenettet.

2.3 Kostnadsoverslag

Neselva II Kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	
Overføringsanlegg	
Inntak/dam	3,5
Driftsvassvegar	6
Kraftstasjon, bygg	3
Kraftstasjon, maskin og elektro (helst skild)	14
Kraftline	8
Transportanlegg	1
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,5
Uventa	4
Planlegging/administrasjon	3
Finansieringsutgifter og avrunding	2
Anleggsbidrag	
Sum utbyggingskostnader	45

Kostnadsoverslaget er basert på prisnivå 2018.

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Fordelen med tiltaket er knytta til kraftproduksjonen på 11,4 GWh og den miljømessige gevinsten ved rein energi. Det lokale næringsgrunnlaget blir styrka og utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetting og lokal aktivitet.

Ulemper

Ulempene med tiltaket er hovudsakleg redusert vassføring i elva.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

For å gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til midlertidige og permanente anlegg. Dei midlertidige anlegga (riggområde, mellomlager, etc) vil bli levert tilbake når arbeidet er ferdig.

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin			
Overføring			
Inntaksområde	1	0,5	
Røyrgate/tunnel (vassveg)	7	0	
Riggområde og sedimenteringsbasseng	2	0	
Vegar	2	1	
Kraftstasjonsområde	2	1	
Massetak/deponi			
Nettilknytning			

Eigedomsforhold

Alle fallrettar og grunnrettar som vert utnytta er i privat eige og det er desse eigarane som førestår utbygginga gjennom selskapet OK Energi AS (sus).

Når det føreligg konsesjon vil aksjeselskapet inngå minnelege avtaler om leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbygginga.

Følgjande eigedomar i Gloppen kommune vert berørt:

Bnr	Eigar	Adresse
124/2	Geir Kandal	6823 Sandane
125/1	Olav Fuglestrand	6823 Sandane
125/2	Marta Næss	6823 Sandane
125/3	Odd Arne Nes Nes	6823 Sandane

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

Skildring av tiltaket sin status i høve til:

Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.

Området er ikkje nemnd i regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging for Sogn og Fjordane. Ikkje utarbeidd planar.

Kommuneplanar

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF).

Samla plan for vassdrag (SP)

Etter at Naustdal-Gjengedal landskapsverneområde vart oppretta, har Direktoratet for naturforvaltning gitt Neselva ei forenkla handsaming og plassert ei stegvis utbygging av Neselva i kategori I.

1. byggesteg utnyttar fallet frå kote 62 til kote 195 og vart utbygt i 2004. 2. byggesteg har redusert fallhøgde i høve til SP prosjektet. Tilsiget frå Sørsendalsvatnet som tidlegare var planlagt overført til Nausta, vert no utnytta i dei to kraftverka i Neselva.

Verneplan for vassdrag

Det føreligg ingen verneplaner for Breimsvassdraget og Neselva

Nasjonale laksevassdrag

Ingen nasjonale laksevassdrag blir berørt.

Ev. andre planar eller beskytta område

Dei øvre delane av nedbørsfeltet ligg innanfor Naustdal- Gjengedal landskapsvernområde.

EUs vassdirektiv

Det føreligg ingen regional forvaltningsplan for området.

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

For biologisk mangfald vert det vist til vedlegg 9. Konsekvensvurdering av biologisk mangfold. Merk at denne konsekvensvurderinga er utarbeidd for den tidlegare utbyggingsplanen og at den difor omfattar også elvestrekninga mellom kote 290 og kote 380.

3.1 Hydrologi

Kraftverket får eit nedslagsfelt på 24,0 km² og normaltilsiget er berekna til 2,47 m³/s som gir eit årstilsig på 77,9 mill.m³. Nedbørsfeltet er høgtliggande og 17 % er dekkja av isbre (Sørsendalsbreen). Dette medfører at ein stor del av avrenninga er konsentrert til sommarhalvåret og vassføringa varierer då i takt med nedbør og temperatur. Vintervassføringa er stabilt låg frå slutten av november til ca. 1. mai.

Alminneleg lågvassføring er berekna til 140 l/s og medel restvassføring oppstrøms kraftstasjon til 32 l/s. 5 persentil vassføring sommar/vinter er berekna til 0,93/0,12 m³/s.

Det er planlagt minstevassføring 200 l/s om sommaren i perioden 01.05-30.09 og 100 l/s om vinteren i perioden 01.10-30.04.

Etter utbygginga vil medelvassføringa over året bli redusert til 26 % av naturleg vassføring på den berørte elvestrekninga og utbygginga vil påverke vassføringa i elva nedanfor inntaket på fylgjande måte:

Sommar 1. mai - 30. september

Når tilsiget til inntaket er mindre enn 0,45 m³/s, vil kraftverket vere ute av drift og vassføringa vert uendra.

Når tilsiget til inntaket er i området 0,45-4,5 m³/s, vil vassføringa i elva vere 0,20/ m³/s.

Når tilsiget til inntaket er større enn 4,5 m³/s, vil den overskytande del av vassmengda gå i elva.

Vinter 1. oktober - 30. april

Når tilsiget til inntaket er mindre enn 0,45 m³/s, vil kraftverket vere ute av drift og vassføringa vert uendra.

Når tilsiget til inntaket er i området 0,45-4,5 m³/s, vil vassføringa i elva vere 0,10 m³/s.

Når tilsiget til inntaket er større enn 4,5 m³/s, vil den overskytande del av vassmengda gå i elva.

Vassføringa i elva ved inntaket før og etter utbygging er vist som diagram for utvalde år (vått, tørt, medels) i vedlegga bakerst i søknaden. I 1997 som var eit medels år, var vassføringa mindre enn kraftverket si minste slukeevne i tilsaman 39 dagar og større enn kraftverket si største slukeevne i tilsaman 102 dagar.

	Tørt år	Middels år	Vått år
Antall dagar med vannføring > maksimal slukeevne	50	102	145
Antall dagar med vannføring < planlagt minstevannføring + minste slukeevne	115	33	8

Flaumvassføringar vert lite påverka av utbygginga.

Kraftverket har ingen reguleringsmagasin og vassføringa i elva oppstrøms inntaket vert dermed ikkje påverka.

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Vassføringa i elva varierer avhengig av nedbør og snøsmelting. Fråføring av vatn vil medføre at vasstemperaturen vil auke litt på den berørte elvestrekninga ved snøsmelting og dette vil gi litt høgare lufttemperatur i nærområdet til elva. Elva har eit bratt fall med liten isproduksjon og tilhøva for islegging, isgang, kjøving og risiko for frostrøyk vil endre seg lite.

3.3 Grunnvatn

Elva har eit bratt fall på den berørte strekninga og utbygginga vil ikkje ha konsekvensar for grunnvatn.

3.4 Ras, flaum og erosjon

Elva har eit bratt fall på den berørte strekninga og utbygginga vil ikkje ha konsekvensar for grunnvatn. Kraftverket si slukeevne er 4,5 m³/s og største registrerte flaumvassføring for perioden 1970-99 er 29 m³/s (1981). Større flumar er mest vanleg om hausten. Utbygginga vil ha ein liten flaumdempande effekt for den utbygde elvestrekninga.

Elveløpet ligg hovudsakleg på fjell og utbygginga vil ikkje ha nemnande konsekvensar for erosjon og sedimenttransport.

Tiltaksområdet er ikkje rasutsett og er i NVE sitt skredatlas avmerka som aktsomhetsområde.

3.5 Raudlisteartar

Det er observert oter i området, men den påverka elvestrekninga har bratt fall utan fisk og er ikkje eit naturleg habitat for arten. Det er ikkje registrert raudlista mose eller lav i dei fuktpåverka elvesonene. Tiltaksområdet er vurdert å ha liten verdi for raudlistearter.

Raudlisteart	Raudlistekategori	Funnstad	Påverknadsfaktorar*
Oter	VU	Tiltaksområdet	Endra vassføring
Strandsnipe	NT	Truleg i området	Påverknad utenlands
Fiskemåse	NT	Streif	Habitat
Hønehauk	NT	Streif	Jakt og habitat
Jaktfalk	NT	Streif	Jakt og habitat
Stær	NT	Streif	Habitat

3.6 Terrestrisk miljø

Den øvre delen av Neselva som renn gjennom tiltaksområdet er omfatta av naturtypen bekkekløft og bergvegg (B-verdi) og det er avgrensa ei fossesprøytsone, også med B-verdi.

Vegetasjonen i området er sterkt kulturpåverka og det er berre registrert vanlege vegetasjonstyper og arter av karplanter, moser og lav. Fugle- og pattedyrfaunaen er vurdert å vere middels rik og oter, mink, fossefall, linerle og truleg strandsnipe har fast tilknytning til elva.

Verdien av det biologiske mangfaldet er vurdert som middels-liten og tiltaket får liten negativ konsekvens for terrestrisk miljø.

3.7 Akvatisk miljø

Den påverka elvestrekninga er stri og har eit bratt fall på fjell og stor stein. Ein reknar difor med at dei biologiske verdiane på strekninga er svært avgrensa.

Neselva har elles ein tynn bestand av småfallen aure.

3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag

Neselva er ikkje lakseførande.

3.9 Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)

Neselva ligg i midtre fjordstrøk og høyrer naturgeografisk til lauv- og furuskogsregionen på Vestlandet. Den øvre delen av vassdraget er uten inngrep og prega av mektige fjell og brear opp til 1572 moh. Frå Kandalstøylen/Nesstøylen 500 moh til Breimsvatnet har elva eit bratt fall og den berørte elvestrekninga er sterkt nedskore og lite synleg i landskapet.

Den nedre delen av vassdraget er skogkledd og noko prega av jordbruk, vegar, kraftlinjer og det eksisterande kraftverket Neselva I. Dei tekniske inngrepa som utbygginga medfører er små og vil ha ubetydelege konsekvensar for natur og landskap.

Av dei tre fossane som vart berørt av den tidlegare utbyggingsplanen, er det no berre den nederste og minste fossen som blir berørt.

3.10 Kulturminne og kulturmiljø

Ein kjenner ikkje til kulturminner som vert direkte berørt av utbygginga.

3.11 Reindrift

Det er ingen reindrift i området.

3.12 Jord- og skogressursar

Det må avståast 1 da utmark til kraftstasjon og tilkomstveg.

Tilløpsrøret vert nedgravd og vil ikkje medføre ulemper på lengre sikt.

Ellers er det ingen nemnande konsekvensar.

3.13 Ferskvassressursar

Elva vert ikkje nytta som vasskjelde og det knyter seg ingen resipientinteresser til den berørte elvestrekninga.

I anleggsfasen blir elva utsett for litt sandtransport ein kort periode i samband med bygging av inntaket.

3.14 Brukarinteresser

Fiske

Det finst ein bestand av småfallen bekkaure i elva, men det føregår ikkje noko fiske på den berørte elvestrekninga

Jakt

Det er ein god hjortebestand i området og jakt vert utført av grunneigarane. Det føregår også litt småviltjakt i fjellområdet (type).

Utbygginga får ingen permanente konsekvensar av betydning for vilt og jakt.

Ferdsel og friluftsliv

Det går veg opp til Ytre Kandalstøylen/Nesstøylen og stølsområdet og fjellområdet ovanfor vert nytta til tradisjonelt friluftsliv, hovudsakleg av lokalt busette. Kraftverket og berørt elvestrekning er ikkje synleg frå ferdselsvegen oppover dalen og tiltaket får ikkje nemnande konsekvensar.

Neselva I kraftverk

Det eksisterande kraftverket Neselva I er 1. byggesteg i Neselva og utnyttar fallet frå kote 195 til Breimsvatnet kote 62. Kraftverket vart sett i drift i 2004 og har installert effekt 5 MW, årsproduksjon 17 GWh og slukeevne 4,7 m³/s. Kraftverksinntaket på kote 195 har eit sedimenteringsbasseng på ca 1 da og avløpet frå det øvre kraftverket Neselva II vert ført til dette sedimenteringsbassenget. Når vassføringa i elva er lågare enn 4,5 m³/s vil det nedre kraftverket normalt få alt driftsvatnet via det øvre kraftverket. Når vassføringa i elva er større enn 4,5 m³/s vil det nedre kraftverket også ta inn vatn frå elva.

3.15 Samfunnsmessige verknadar

Det lokale næringsgrunnlaget blir styrka og utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetting og anna lokal aktivitet. Det offentlege vil få skatteinntekter (inkl. grunnrenteskatt) på 1,2 mill.kr etter nokre år. Tiltaket vil gje ein mindre sysselsettingseffekt i byggetida og 0,3 årsverk i driftsfasen.

3.16 Kraftliner

Krafta vert ført i ein 500 m lang kabel til nærmaste 22 kV stolpepunkt. Kabelen blir nedgravd langs tilkomstvegen til kraftstasjonen og over korte strekningar med utmark og innmark. Den vil krysse private vegar og kommunal veg.

3.17 Dam og trykkroyr

Inntaksterskelen er så låg at evt. brot ikkje får nemnande konsekvensar. Evt. brot på tilløpsrøret vil ikkje få konsekvensar for bustadhus eller andre anlegg/verdiar og er føreslått i konsekvensklasse 0.

3.18 Ev. alternative utbyggingsløysingar

Det er ikkje vurdert andre utbyggingsalternativ.

3.19 Samla vurdering

Konsekvensane av utbygginga blir samla sett vurdert som liten.

Tema	Konsekvens	Søklar/konsulent vurdering
Vasstemp., is og lokalklima	<i>Liten</i>	<i>konsulent</i>
Ras, flaum og erosjon	<i>liten</i>	<i>konsulent</i>
Ferskvassressursar	<i>liten</i>	<i>konsulent</i>
Grunnvatn	<i>ingen</i>	<i>konsulent</i>
Brukarinteresser	<i>ingen</i>	<i>konsulent</i>
Raudlisteartar	<i>Liten negativ</i>	<i>konsulent</i>
Terrestrisk miljø	<i>Liten negativ</i>	<i>konsulent</i>
Akvatisk miljø	<i>liten</i>	<i>konsulent</i>
Landskap og INON	<i>Liten negativ</i>	<i>konsulent</i>
Kulturminne og kulturmiljø	<i>ingen</i>	<i>konsulent</i>
Reindrift	<i>ingen</i>	<i>konsulent</i>
Jord og skogressursar	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent</i>
Oppsummering		

3.20 Samla belastning

Det er mange eksisterande kraftverk i Breimsvassdraget og i nærområdet (Kandalen) er det bygt to småkraftverk (Neselva I og Kandal kraftverk).

For søknaden kan det vere naturleg å vurdere tema om biologisk mangfald og landskap.

Biologisk mangfald

Fossesprøytnoner og bekkekløfter er verdifulle naturtypar som det er viktig å ta vare på.

Fossesprøytnonene inneheld ofte sjeldne og raudlista arter, men det er ikkje registrert slike i influensområdet i Neselva.

I nærområdet er slike naturtypar vanleg, men det er ingen som er påverka av kraftutbygging. I andre deler av kommunen er det gitt avslag på fleire utbyggingsprosjekt som inneheld dese naturtypane, bl.a gjeld dette Gjengedalsgjølet med nasjonal verdi A (Gjengedal Kraftverk).

Den tidlegare planen for utbygging av Neselva II omfatta 3 fossar med fossesprøytnoner og bekkekløft/bergvegg med regional verdi B. Den nye planen omfattar berre den nederste og minste av desse fossane.

Landskap

Redusert vassføring er negativt i høve til det visuelle inntrykket og opplevinga av elvane.

NVE har tidlegare avslått søknader i nærområdet der det er lagt vekt på elvar og fossar sin verdi som landskapselement. Dette gjeld Tverrelva og Blådalselva i Indre Kandal og den tidlegare søknaden for Neselva II.

Den nye søknaden for Neselva II omfattar berre den nederste og minst synlege av dei tre fossane som vart berørt av den tidlegare planen. I øvre delen av Neselva er det fleire markerte fossar og det landskapsmessige inntrykket vert ikkje nemnande endra ved utbygginga.

4 Avbøtande tiltak

Minstevassføring

Den utnytta elvestrekninga er bratt og elva renn hovudsakleg på reint fjell med unntak av den nederste delen der det stor stein i elveløpet. Elvestrekninga er ikkje synleg frå den vanlege ferdselsvegen, den har liten verdi for biologisk mangfald og andre interesser. Det er difor planlagt relativt låg minstevassføring 200 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren.

Alternativ	Produksjon (GWh/år)	Kostnadar (kr/kWh)	Miljøkonsekvens
Alminnelig lågvassføring	11,4	3,94	liten
5-persentil sommar og vinter	10,1	4,46	liten

Fysiske inngrep

Det blir lagt vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at ein tar vare på vegetasjon og unngår skjemmande sår i terrenget. Vegetasjonsdekket i rørraceen vert tatt vare på og reetablert for å oppnå rask naturleg utsjånad og stølsvegen vert istandsett etter utbygginga.

Andre avbøtande tiltak

Det synes ikkje vere behov for andre avbøtande tiltak.

5 Referansar og grunnlagsdata


Kraftproduksjonen er berekna med simuleringsmodellen U-mag.

Byggekostnader er berekna på grunnlag av Ing Hermod Seim AS sin database for småkraftverk.


6 Vedlegg til søknaden

1. Oversiktskart
 2. Kart med nedbørfelt
 3. Detaljplan for utbyggingsområdet
 4. Varighetskurve
 5. Vassføring før og etter utbygging i eit tørt år
 6. Vassføring før og etter utbygging i eit vått år
 7. Vassføring før og etter utbygging i eit medel år
 8. Konsekvensvurdering for biologisk mangfold
 9. Vassføringsfoto
- Skjema for dokumentasjon av hydrologiske tilhøve (separat vedlegg).
 - Skjema for klassifisering av dammer og trykkrør (separat vedlegg).







VEDLEGG 3. DETALJPLAN FOR UTBYGGINGSOMRÅDET




VEDLEGG 4. VARIGHETSKURVE




Vassføring før og etter utbygging i eit tørt år (1996)



Vassføring før og etter utbygging i eit vått år (1990)



Vassføring før og etter utbygging i eit medel år (1997)



Neselva II kraftverk

Gloppen kommune

Virkinger på biologisk mangfold



Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser

Desember 2008

Forord

På oppdrag fra Ytre Kandal Kraft AS v/Olav Fuglestrand har firmaet *Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser* gjort registreringer og vurderinger av naturtyper og rødlistede arter i tilknytning til en planlagt kraftutbygging (byggetrinn II) i Neselva i Ytre Kandal, Gloppen kommune i Sogn og Fjordane fylke.

Rapporten er utarbeidet i samsvar med *Veileder 3-2007*, utgitt av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Direktoratet for naturforvaltning (DN). Forfatter er cand.real./biolog Ole Kristian Spikkeland, som også har utført feltarbeidet. Teknisk konsulent for utbyggingsprosjektet har vært Hermod Seim i Ing. Hermod Seim AS. Viktige innspill vedrørende faunaen i området er mottatt fra grunneier Olav Fuglestrand. Takk til samtlige.

Bergen, 17.12.2008

Ole Kristian Spikkeland

Forside:

Neselva i Ytre Kandal, Gloppen kommune om lag kote 200 (foto 13. juli 2008: Ole Kristian Spikkeland).

Referat

Utførende firma: Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser (Org.nr.: 980 282 171 MVA)	Kontaktperson: Ole Kristian Spikkeland
Prosjektansvarlig: Cand.real. Ole Kristian Spikkeland	Oppdragsgiver: Ytre Kandal Kraft AS v/Olav Fuglestrand
Dato: Desember 2008	
Referanse: Spikkeland, O.K. 2008. Neselva II kraftverk, Gloppen kommune. Virkninger på biologisk mangfold. <i>Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser</i> . Rapport. 21 s.	
Referat: Virkningene på det biologiske mangfoldet av vannkraftutbygging av Neselva (byggetrinn II) i Ytre Kandal i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke er vurdert. Forekomst av rødlistearter og sjeldne og/eller verdifulle naturtyper er vektlagt. Behovet for minstevannføring er vurdert, og det er satt fram forslag til avbøtende og kompenserende tiltak.	
4 emneord:	Biologisk mangfold Rødlistearter Vannkraftutbygging Registrering

Innhold

	<i>Side</i>
Forord	2
Referat	3
1. Innledning	5
2. Utbyggingsplaner	6
3. Metode	8
3.1. Datagrunnlag	8
3.2. Vurdering av verdier og konsekvenser	8
4. Avgrensing av influensområdet	10
5. Status og verdi	11
5.1. Kunnskapsstatus	11
5.2. Naturgrunnlaget	11
5.3. Naturtyper	12
5.4. Artsmangfold	15
5.5. Inngrepsstatus (INON)	16
5.6. Konklusjon – verdi	16
6. Virkninger av tiltaket	17
6.1. Omfang og konsekvens	17
6.2. Sammenligning med øvrige nedbørfelt / andre nærliggende vassdrag	19
6.3. Mulighet for avbøtende tiltak	19
7. Sammenstilling	20
8. Referanser	21

1. Innledning

Ytre Kandal Kraft AS ønsker å utnytte vannfallet i Neselva (087.B12B) i Ytre Kandal, Gloppen kommune i Sogn og Fjordane fylke for å bygge kraftverk (byggetrinn II). Neselva er en del av Breimsvassdraget (087.Z), som drenerer nordvestover mot Sandane og Gloppefjorden. Kraftverket er planlagt som et rent elvekraftverk uten regulering. Ved planlagt inntak har Neselva et nedbørfelt på 24,0 km² og middelvannføring på 2,47 m³/s. Vassdraget har sine kilder i fjell- og breområdene mellom Jardalen og Nesdalen i nord og Myklandsdalen i sør (Fig. 1 og 3). Nederst i vassdraget ble Neselva I kraftverk ferdigstilt i 2004.

Olje- og energidepartementet har i brev av 20.2.2003 stilt krav til utbyggere av småkraftverk (1-10 MW) om gjennomføring av en enkel, faglig undersøkelse av biologisk mangfold. Bakgrunnen er at den dokumentasjon av biologisk mangfold som tidligere har ligget til grunn for behandling av mindre kraftverk i Norge, har vært av varierende kvalitet og til dels lite beslutningsrelevant.

St.meld. nr. 42 (2000-2001) *Om biologisk mangfold* formulerer nasjonale resultatmål for bevaring av biologisk mangfold, deriblant følgende:

- I truede naturtyper skal inngrep unngås, og i hensynskrevende naturtyper skal viktige økologiske funksjoner opprettholdes.
- Truede arter skal opprettholdes på, eller gjenoppbygges til, livskraftige nivåer.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Direktoratet for naturforvaltning (DN) har i fellesskap utarbeidet *Veileder 3-2007* (revidert utgave av *Veileder 1-2004*), som beskriver et opplegg for å frem-skaffe beslutningsrelevant informasjon om biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk. Bruk av denne veilederen vil gjøre det enklere for forvaltningen å kontrollere at nødvendige undersøkelser og vurderinger er gjennomført, jf. kravene som stilles til konsesjonssøknadens innhold. Dette vil dermed forenkle saksbehandlingen. Foreliggende rapport er utarbeidet i samsvar med *Veileder 3-2007*.

I brevet fra Olje- og energidepartementet av 20.2.2003 heter det:

"Undersøkelsen forutsettes å omfatte en utsjekking av eventuelle forekomster av arter på den norske rødlista og en vurdering av artssammensetningen i utbyggingsområdet i forhold til uregulerte deler av vassdraget og/eller tilsvarende nærliggende vassdrag.


Det kan fastsettes en minstevannføring i hele eller deler av året dersom den faglige undersøkelsen viser at dette kan gi en vesentlig miljøgevinst."




Figur 1. Planområdet ligger i Neselva i Ytre Kandal, Gloppen kommune, Sogn og Fjordane.

2. Utbyggingsplaner

Det søkes om å utnytte vannfallet i Neselva (byggetrinn II) i midtre del av Nesdalen, fra ca. kote 380 og ned til kraftstasjon ca. kote 195. Kraftstasjonen plasseres ca. 100 m sør for elveløpet. Herfra føres avløpsvannet i en nedgravd betongkølvert med diameter 1,2 m tilbake til inntaksmagasinet til Neselva I kraftverk på ca. kote 195 (Fig. 2-4). Dette kraftverket (byggetrinn I) ble ferdigstilt i 2004 og har kraftstasjonen plassert nede ved Breimsvatnet. Neselva II kraftverk er planlagt som et rent elvekraftverk uten regulering. Fra inntaket blir driftsvannet ført ned til kraftstasjonen i et ca. 820 m langt tilløpsrør av duktilt støpejern med diameter på 1,0 m. Traséen vil i øvre del gå parallelt med stølsvei som følger sør for elveløpet, deretter gjennom et større granplantefelt og til sist krysse stølsvei og utmarks-/innmarksteiger ned mot kraftstasjonen. Røret vil bli sprengt/gravd ned i grøft og overfylt med stedlige løsmasser. Ved planlagt inntak bygges en løsmasseterskel over elva med ca. 1 m høyde og ca. 15 m lengde. Inntaksbassenget vil få et vannvolum på ca. 1 000 m³ og samtidig tjene som sedimenteringsbasseng. Neddemt areal utgjør ca. 0,5 da. Det er planlagt installert to Peltonturbiner med effekt 2 x 2,65 MW, og med maks slukeevne på 3,6 m³/s. Kraftstasjonen får en grunnflate på ca. 100 m². Kraftverket tilknyttes 23 kV kraftledning via en ca. 450 m lang jordkabel mot øst. Det må opprustes en ca. 200 m lang jordbruksvei til kraftstasjonen. Inntaksområdet ligger nær stølsveien som fører opp til Nesstøylen. Kraftverket får et nedslagsfelt på 24,0 km². Middelvannføringen er beregnet til 2,43 m³/s. Spesifikk avrenning er beregnet til 98 l/s/km², som gir et årstilsig på ca. 77,9 mill. m³. Alminnelig lavvannføring er beregnet til 140 l/s. Årsproduksjon er beregnet til 21,47 GWh, fordelt på 14,93 GWh sommerproduksjon og 6,54 GWh vinterproduksjon. Det forutsettes slipping av minstevannføring tilsvarende 110 l/s i sommerhalvåret. Dette er samme vannføring som for Neselva I kraftverk.



